

## Vedlegg: Vurdering av skråstilt parkering

I samband med merknadsavskrivning er det utarbeidd ei vurdering av parallelle og skråstilte parkeringsplassar langs Dale skule/Dalseidvegen.

[Håndbok N100 Veg- og gateutforming](#) seier fylgjande av utforming av veg, fortau og parkering;

**Parkering:** Ved 45 graders parkering må ein setje av 5,2 meter til P-plassane.

**Fortau** skal ha ein bredde på 2,5 meter beståande av ei ferdslesone for gåande på minst 2 meter og ei kantsteinsone på minimum 0,5 meter. Fortausbreidde på 2,5 dekker minstekrava, og gjer det mogleg med maskinell rydding av fortauet.

**Gater** med fartsgrense 30- 40 km/t, årsdøgntrafikk på 0-4000 og 2 køyrefelt bør ha ei breidde på 5,75 meter.

### Parallelle parkeringsplassar:

Parallelle parkeringsplassar er regulert inn i planen sitt høyringsforslag. Parallell parkering gjev 9 stk parkeringsplassar. Løysinga gjev færre parkeringsplassar enn ei skråstilt løysing, men krev mindre areal. Parallelle parkeringsplassar gjer det mogleg med eit breiare fortau i tillegg til grønstruktur mellom fortau og støyskjerm. Eit breiare fortau med grønstruktur som skil støyskjerm vil bidra til betre og tryggare ferdsle for mjuke trafikantar.

Innslag av grønne område er positivt for folkehelsa, og har mellom anna ein stressreducerande og rekreativ effekt ([Miljødirektoratet](#)). Arealet langs Dale skule er godt synleg og ligg sentralt. Areal til grønstruktur vil auke den visuelle opplevinga i eit område med asfalt frå veg, parkering og fortau.

### Skråstilte parkeringsplassar:

Skråstilte parkeringsplassar i framkant av fortauet med påbode innkøyring frå nord, vil gje om lag 15 parkeringsplassar. Dale skule har fleire funksjonar og fleire parkeringsplassar vil vere positivt.

For å få plass til skråstilt parkering må ein ta bort delar av regulert grønstruktur langs støyskjermen i høyringsutkastet til planen, i tillegg til å redusere breidda på fortauet. Delar av grønstrukturen i nord må fjernast heilt og fortauet vert passert heilt opp mot støyskjermen. Sjølv om ein tar bort areal for grønstruktur i nord vil fortauet ha ei breidde på rundt 2,5 meter, som er minimumskravet. I situasjonar der parkerte bilar går inn over fortauet, kan breidda bli endå mindre.

### Vurdering:

Det er særskild viktig å prioritere mjuke trafikantar ettersom området dagleg vil bli nytta av skuleelevar. Sjølv om fleire av aktivitetane knytt til Dale skule finn stad etter skuletid, vert situasjonen for mjuke trafikantar reredusert ved plassering av skråstilt parkering.